



Viktig info til alle medlemmer:

Tidlegare år har me sendt ut innbetalingsblankett for medlemsavgift, men frå i år er det eit krav frå NFIF at alle medlemmer er registrert elektronisk og me vil difor ta i bruk «MinIdrett».

Me ber om at alle medlemmer lagar seg ein profil på www.minidrett.no og legg inn dei opplysningar som er krevd. Her vil ein og kunne betala medlemskontingent etter kvart. Dersom ein treng hjelp til dette kan ein ta kontakt NFIF på mail minidrett@idrettsforbundet.no eller telefon 03615.

Vedrørende treningsrom

Treningsrommet på skulen har vore flittigt i bruk, men og dessverre vore svært skittent til tider. Det er viktig at alle som brukar det vaskar apparat etter seg og innimellom golva. Det er og viktig å bruke inneskor. Me vil hengje opp nye reglar og vaskelister etter kvart og få på plass eigna vaskeutstyr.

Me har innført ei treningsavgift for bruk av treningsrommet. Det blir oppretta ein eigen konto slik at me kan dekkja vedlikehald på rommet:

- 300 kr for ikkje-medlemmer
- 200 kr for IFK-medlemmer

Me vil legge giroar på treningsrommet, eller ein kan betale direkte til **IFK konto: 3543 27 19365 og merka betalinga med namn og «treningsavgift».**

Kode til nøkkelboks utanfor døra nede vert skifta ut med jamne mellomrom. Dette for å sikra at det vert rettmessig brukt. Kode får ein ved å ringja/sendea sms til nummeret som står på nøkkelboksen (tlf 97684893).

Velkommen til trening☺

Med helsing styret i IF Klypetussen.



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

Medlemsutsending IF Klypetussen Februar 2015 Innkalling til årsmøte 6.mars kl 19.00

IF Klypetussen vil med dette takka for året 2014 og ynskja alle eit forsinka, men likevel godt nytt år!

Det har vore ei stor utfordring å få med nok folk til å sitja i styreverv i IFK. Både hovudstyret og enkelte av undergruppene har mangla folk i sentrale verv den siste tida. Me er avhengige av desse for eit aktivt idrettslag...

Det er viktig å få til ei god rullering av styremedlemmer.

Driftinga/organiseringa av IFK har vore eit gjennomgåande tema på møte dette året. For at Klypetussen skal vera eit aktivt idrettslag vidare, må det nok gjerast endringar, og me treng fleire til å ta på seg verv for å driva organisasjonen.

Samtlege i hovudstyret er på veg ut eller ynskjer andre oppgåver. Me er diverre komne i ein slik situasjon at dersom me nå ikkje får fleire til å ta på seg styreverv, må me vurdera heila heile drifta av idrettslaget vidare. Slik det er i dag, ser me ikkje å kunna arrangera IFK sine arrangement vidare dersom me ikkje finn fleire som ønskjer å engasjera seg i dette.

Me ber medlemmer om å kome med idear til korleis situasjonen kan løysast, melda si interesse og møta på årsmøtet 6.mars.

(Ta også ein kikk på baksida - viktig info!)

**Årsmøte vert på Sævareid og Stordalen Grendahus
Fredag 6.mars kl 19.00
Saker må vera styret i hende innan 28.februar
Alle velkomne!**



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen